



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå næringsfondet - John Hallgeir Nedrebø

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		15.04.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Søknad om tilskot frå næringsfondet – John Hallgeir Nedrebø
Reglar for bruk av næringsfondet – Fyresdal kommune

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot frå næringsfondet - John Hallgeir Nedrebø
- 2 Budsjett næringstilskot.pdf
- 3 Reglar for bruk av næringsfondet- Ksak 2015-631

Bakgrunn for saka:

John Hallgeir Nedrebø søker Fyresdal kommune om tilskot til å styrke og utvikle eiga verksemd. Nedrebø overtok garden i 2021, og etablerte då eit enkeltmannsføretak med org.nr. 927 877 643. Planen er investere i utstyr for å utnytte eksisterande maskinpark betre, samt å greie ut moglegheitene for eit steinbrot for murstein i Fjellgardane.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035, strategi for næring og arbeidsliv; kommunen skal legge til rette for næringsutvikling ved å legge til rette for berekraftige og grønne arbeidsplassar, samt å take vare på primærnæringane, og reglar for bruk av næringsfondsmidlane vedteke av kommunestyret i Fyresdal 28.01.2016 – sak 2015/631.

John Hallgeir Nedrebø etablera i samband med overtaking av garden i 2021, enkeltmannsføretak med org.nr. 927 877 643. Føretaket ligg i næringskode 01.451 Sauehold, med aktivitet husdyrhald sau: *Produksjon og salg av slakt, ull m.v., frå sauehaldet.*

Nedrebø ynskjer å styrkje drifta ved å utvikle tilleggsnæring i form av graving, rydding, transport og landbruksarbeid, både i eiga drift og for andre i nærområdet. Nedrebø peikar på at det er behov for slike tenester lokalt, særleg knytt til vedlikehald av eigedomar, rydding av beite, samt mindre gravearbeid. Nedrebø har i dag minigravar og traktor, og ynskjer å investere i utstyr til desse maskinen for å tilby komplette tenester til kundane.

Parallelt med dette ynskjer også Nedrebø å greie ut moglegheitene for å ta ut stein i eit mindre brot knytt til garden. I samband med dette må det gjerast undersøkingar, og det må gjerast avklaringar i høve gjeldande regelverk.

Prosjektet har ein budsjettert kostnad på kr. 140 000,-, med fyljande postar;

- Reiskap til minigraver: kr 60 000,-
- Reiskap til traktor / landbruk: kr 50 000,-
- Søknadar og prøveuttak (steinuttak): kr 20 000,-
- Diverse / transport: kr 10 000,-

Prosjektet er tenkt finansiert med eigen kapital (30 000,-) og eige arbeid (70 000,-), samt eit tilskot frå næringsfondet på kr. 40 000,-.

Jamfør reglar for bruk av næringsfondet punkt 3. skal det «...leggjast vekt på tiltak som gjev auke i talet på arbeidsplassar, og på kompetansen, gjennomføringsevna og erfaringa til søkjar. Om tilskotet gjev utløysande effekt på prosjektet skal dette også leggjast vekt på.»

Prosjektet det her søkjast om, er ei styrking av allereie etablert verksemd, der det i søknaden er nemnt at dette vil gjere det mogleg å gjere fleire oppdrag *både for eigen drift og for andre i nærområdet*. Slik ein tolkar søknaden, vil investeringane gjere drifta på eigen eigedom enklare, samstundes som ein ynskjer å tilby tilsvarande tenester til andre i nærområdet.

I prosjektet skal det i all hovudsak investerast i lett omsetteleg utstyr, som ein jamfør praksis for bruk av næringsfondet ikkje ynskjer å stø. Dette grunnjevast med at dette er verdier som lett kan realiserast om ein trappar ned, eller endrar drifta. Vidare vurderer ein det til at denne delen av prosjektet er ei vidareføring og styrking av allereie etablert verksemd, og at det ikkje er i trå med praksis å tildele etablerartilskot der verksemda står i dag.

Uttak av stein til muring er derimot eit spanande prosjekt. Dette kan skape verdier, og gje arbeidsplass og inntening ut over det som allereie er etablert på garden/verksemda. I søknaden er dette ført opp som ein marginal del av prosjektet, med kr. 20 000,- avsett til arbeid med søknadar og prøveuttak. Uttak av stein er underlagt Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), som er den sentrale fagmyndigheita for mineraluttak i Noreg. For uttak over 10 000m³ krev DMF driftskonsesjon, i mindre tilfelle er handteringa noko enklare, men uttaket er uansett underlagt minerallova. For delar av førebuingane kan det vere naudsynt å leige bistand i arbeidet. Dette medfører kostnader, som kan ta noko tid å tene inn. I slike tilfelle kan det vere aktuelt å stø prosjektet frå næringsfondet. Om Nedrebø vel å konkretiserer planane om uttak av stein, og knyter kontaktar for innhenting av naudsynte løyver, vil ein kunne vurdere ein ny søknad om midlar til etablering og/eller investering. Slik prosjektet med uttak av stein står i dag, er det noko tidleg å vurdere innhald og potensialet i prosjektet.

Konklusjon:

John Hallgeir Nedrebø ynskjer å styrkje eiga verksemd ved garden ved å investere i utstyr til bruk på traktor og minigravar han allereie har på garden, for på denne måten kunne utføre fleire jobbar både i eigen drift, og for andre i nærområdet. Hovuddelen av prosjektet er investering i teknisk utstyr, noko næringsfondet ikkje har praksis med å stø opp om, då dette lett kan omsetjast i marknaden, uavhengig av om verksemda fortsett sitt virke. Vidare vil denne type utviding av føretaket, slik det er ført i søknaden, ikkje falle inn under praksis for tildeling av etablerartilskot, då det ikkje er etablering og skaping av arbeidsplass, slik intensjonen ved tildeling av midlar er. Om Nedrebø går vidare med planane om etablering av steinbrot på eigedomen, og på det viset skapar ny aktivitet og kanskje også sysselsetting, rår ein til at det fremjast ny søknad til næringsfondet på eit seinare tidspunkt.

Innstilling frå kommunedirektøren:

John Hallgeir Nedrebø får avslag på sin søknad om tilskot frå næringsfondet. Avslaget grunnjevast med at næringsfondet ikkje stør kaup av teknisk utstyr, og at prosjektet ber preg av å skulle styrkje økonomien i allereie eksisterande og pågåande verksemd, utan at dette

skapar auka sysselsetting. Ein rår i staden Nedrebø til å rette ny søknad ved ei konkretisering av det planlagde steinbrotet på eigedomen.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef